

Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal.

Årsmøte onsdag 22. mars 2023 i Tribunebygget, Molde kl 19.00 – 21.30.

Sakliste: Sjå vedlegg 1.

(Møtet var arrangert som fysisk møte med høve til også å delta digitalt. Og det hadde ikkje kome inn noko framlegg til vedtak frå organisasjonar eller einskildpersonar).

1. Val av ordstyrar, referent og underskrivarar av protokollen.

Møtet vart opna av leiar Magnar Husby, som samråystes vart valt som ordstyrar. Ragnhild M. Harstad tok på seg å notere endringar og avgjerder i møtet. Men Maria Holo Leikarnes fungerte også i denne rolla som ansvarleg på teams med høve til å redigere endringar inn i dokumenta direkte. Magnar Husby vart valt til å redigere framlegg om protokoll frå årsmøtet. Anne Marie Hareide og Maria Holo Leikarnes vart samråystes valde til å underskrive protokollen.

Det kom ingen merknader til innkalling og sakliste.

2. Oppmøte og registrering av røyster.

Følgjande deltok på årsmøtet og fekk godkjent røysterett for sin organisasjon:

Maria Holo Leikarnes – DNT (Den norske turistforening)

Japke Sietske Stobbe – NNV (Naturvernforbundet)

Kari Janne Gjøen – NSNF (Norges sopp- og nyttevekstforbund)

Anne Marie Hareide – SABIMA («Samarbeidsrådet for biologisk mangfold»)

Ida Kanutte Risvik – 4H (4H Møre og Romsdal)

Bent Moen – NBS (Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag)

Ragnhild M. Harstad – NSF (Norges speiderforbund)

I tillegg deltok desse på møtet utan røysterett:

Magnar Husby (NSNF, NNV, NBS)

Jonny Fostervold (4H)

3a.Årsmeldinga frå leiaren vart gjennomgått punkt for punkt, forklart og litt drøfta. Ho vart samråystes godkjent med retting av ein språkleg feil. Sjå vedlegg 2).

3b.Arbeidsprogram som framlegg frå leiaren vart gjennomgått punkt for punkt, forklart og drøfta, og samråystes godkjent. (Sjå vedlegg 3).

3c.Rekneskapen vart lagt fram av kasserar Japke Sietske Stobbe. Under posten inntekter vedtok årsmøtet å rette teksten på ein delpost til «Tilskudd frå Møre og Romsdal Fylkeskommune»! Revisjonsberetning frå Ingbjørn Bredeli vart lesen og teke til etterretning. Deretter vart Årsrekneskapen samråystes godkjent. (Sjå vedlegg 4 og 5)

3d.Budsjett vart presentert som framlegg frå kasserar Japke Sietske Stobbe. Her vart det oppdaga ein feil. 1 post under inntekter var ført 2 gonger. Årsmøtet vart og samde om å endre 3 beløp under utgifter. Dette innebar og at summane måtte endrast. Budsjettet var samråystes godkjent med desse endringane. (Sjå vedlegg 6).

Kulturmidlane i 2022 kom seint, og dei problema dette medfører vart drøfta. Årsmøtet vart samd om følgjande protokolltilførsel: «*Innspill: Vurdere å endre budsjetterte utbetalinger til å gjelde for forrige år dersom tildeling fra fylkeskommunen kommer så sent på året. Dette for å vite hva Studieforbundet får tildelt, som skal deles ut videre til organisasjonene. Håpet er at tildelingene av midler kommer i juli/august.*»

Årsmøtet hadde og ein diskusjon om kor mykle pengar Studieforbundet burde ha på konto til vanleg. Rådet frå årsmøtet fekk som resultat følgjande samråystes protokolltilførsel: «*Årsmøtet mener det ikke bør være under kr 100.000,- på konto. Dette for sikre at det er økonomi til å dekke uforutsette kostnader.*»

Protokolltilførslane er tekne inn som kommentarar i dokumentet Budsjett.

3e.Val

Valkomiteens innstilling vart presentert av Anne Marie Hareide, og var som følgjer:

«*Valgkomiteens innstilling til Årsmøtet 22.03.2023*

Valgkomiteen har kontaktet oppgitte epostmottakere i organisasjoner og lag tilknyttet

Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal. Annen kontaktinformasjon er vanskelig å

få tak i og vi forutsetter at de forskjellige fylkesavdelingene kontakter sine lokale lag

Responsen har vært særdeles dårlig. Ingen har svart.

Leder velges for 1 år:

Magnar Husby gjenvalg

Styremedlem velges for 2 år:

Jonny Fostervold, 4H Ny

Ragnhild Harstad, Norsk speider forbund, ikke på valg

Varamedlem velges for 1 år:

Kari Janne Gjøen, Risken sopp- og nyttevekstforening og 4 H gjenvalg

Valgkomite:

Jeger og fisk?

Erik Skjøtskift

Maria Holo Leikarnes

Revisor velges for 1 år:

Ingbjørn Bredeli gjenvalg

Alle som er foreslått er forespurt og har takket ja

Valgkomiteen har bestått av.

Anne Marie Hareide Risken sopp- og nyttevekstforening går ut etter 6 år

Erik Skjøtskift Birøkterlaget 1 år igjen

Maria Holo Leikarnes Molde og Romsdal Turistforening 2 år igjen»

Årsmøtet vedtok samråystes framlegg fra valkomiteen, men stod att med eitt problem, da ingen på årsmøtet heller kunne stille som nytt medlem i valkomiteen. Årsmøtet gjorde da samråystes slik vedtak: «*Styret får i oppgave å finne ny kandidat til valgkomiteen*»

Valkomiteen hadde og kome med tankar om regionkontakt og fylkesutvalsrepresentantar, men la ikkje fram noko konkret forslag. Magnar Husby la fram desse forslaga til vedtak om dette:

«1) Årsmøtet finn det naturleg at leiaren tek vervet som regionkontakt for SFNM, men overlet til styret å endre dette etter behov.

2) Årsmøtet vel leiaren og nestleiaren til henholdsvis å vere representant og vararepresentant til Fylkesutvalet i Vofo, men styret har høve til finne andre løysningar når dette er nødvendig».

Desse forslaga vart samråystes godkjende.

Det nye styret og alle verv er presentert i Vedlegg 7: Styre og tillitsverv i Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal i 2023-sesongen.

Årsmøtet seier takk til Japke Sietske Stobbe for lang tids teneste i organisasjonen, takk til Anne Marie Hareide for hennar arbeid i valkomiteen, og takk til Maria Holo Leikarnes for sørvisen med Teams på årsmøtet."

Sylteosen 23. mars 2023

Magnar Husby

Underskrivarar:

Anne Marie Hareide

Maria Holo Leikarnes